

Per Ingolf Økland

Kattanesvegen 14

5690 Lundegrend

Gnr 117 Bnr 1

Bjørnefjorden landbrukskontor

Postboks 24

5640 Eikelandsosen

KOMMENTAR TIL FORVALTNINGSPLAN FOR GJESS I TYSNES KOMMUNE.

Som grunneigar og næringsdrivande til område rundt Gripnesvågen i Lundegrend har eg nokre kommentarer til planen.

Eg trur dei fleste som driv jordbruk i Lunde som grenser til sjø eller vatn ser at grågåsstamma er blitt alt for stor.

Før gåsa legg egg må dei ha mykje næring. Når dei då samlast i flokker på 30 –

40 fugl gjer dei veldig store skader på kort tid. Dei sorterer og ut det mest næringsrike graset

Og det gjer mykje avføring nå dei et så mykje.

Eg meiner at grunnlag og dokumentasjon er god nok og at det no vert sett inn tiltak for å redusera stamma.

Tiltak: - Tysnes Kommune søker om utvida jakttid fram til 15. april.

I mars/april er gåsa svolten og lettare og jakta på. Den har heller ikkje

Ungar å ta vare på.

- Skotpremie.

- Arbeidet med å stikka håll på egg burde vore premiært av viltfondet.

Lundegrend 02.07.2018

Per Ingolf Økland

